



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hilde Rasmussen Nilsen, 5557 2371

Vår dato
20.12.2017
Dykkar dato
26.09.2017

Vår referanse
2017/12771 423.1
Dykkar referanse
15/2222 – 17/27311

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 108 bnr 161 - Fonnebostvegen - detaljregulering

Vi viser til Lindås kommune si oversending av klage på vedtak om detaljreguleringsplan for Fonnebostvegen – PlanID 1263-201516, motteken her 26.09.2017.

Vedtak

Fylkesmannen i Hordaland stadfester reguleringsplanen for Fonnebostvegen – PlanID 1263-201516.

Fylkesmannen avviser klagen frå Statens vegvesen av 18.08.2017.

Bakgrunn for saka

Reguleringsplan for Fonnebostvegen vart godkjent av Lindås kommunestyre i møte 21.06.2017. Det kom inn klage frå Statens vegvesen på kommunestyret sitt vedtak, i brev datert 18.08.2017.

Klagen frå Statens vegvesen gjeld at deira uttale til planen, datert 20.02.2017, ikkje er registrert eller kommentert av kommunen ved handsaming av innkomne merknader til planframlegget. Klagen er knytt til merknadene i sistnemnte brev, og gjeld fire hovudpunkt:

1. Krav til at busslomma vert regulert med ei utforming som tilfredsstillar handbok N100.
2. Krav til at det vert innarbeidd eit rekkjefølgjekrav om at krysset med fylkesveg 400 skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplan før det vert gjeve mellombels bruksløyve for dei nye bustadane.
3. Før reguleringsplanen kan godkjennast skal det utarbeidast detaljplanar for krysset som viser at dei tekniske krava til frisikt, kurvatur og stigning i handbok N100 er oppfylt. Detaljplanane skal godkjennast av Statens vegvesen.
4. Før det kan setjast i gang med arbeid for utbetring av krysset skal det vere inngått ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen og det skal utarbeidast ein skilt- og sikringsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen.

I brev datert 23.08.2017 kjem Statens vegvesen med tilleggsmerknader til klagen, som ifølgje Statens vegvesen gjeld nye opplysningar, om omsynet til Den Trondhjemske postveg. Statens vegvesen skriv at dei er eigar av Den Trondhjemske postveg som ligg i planområdet, men at dei ikkje har motteke nabovarsel om tiltaket. Dei skriv at det nasjonale kulturminnet Den Trondhjemske postveg ikkje er nemnd i planomtalen. Dei skriv vidare:

«Den Trondhjemske postveg er eit nasjonalt viktig kulturminne. Slik vi forstår situasjonen på staden så er det mogleg å kunne kople seg på kommunal veg, i staden for å bruke Den Trondhjemske postveg slik planforslaget no legg opp til, for bustadar på Storbruhaugen 3 - 7. Vi gjer merksam på at Den Trondhjemske postveg på ingen måte er konstruert for å tole moderne motorisert ferdsle. Statens vegvesen kan difor ikkje akseptere at postvegen vert nytta som tilkomstveg for nye bueiningar i planen. Vi krev difor at ein brukar kommunal veg som tilkomst for desse bueiningane. Den Trondhjemske postveg skal visast med omsynssone i plankartet.

Den Trondhjemske postveg skal omtalast med eigne føresegner. Ordlyden skal vere som følgjer: Den Trondhjemske postveg er eit nasjonalt viktig kulturminne. Statens vegvesen er eigar av vegen. Det skal ikkje gjerast nokon endringar på vegen utan at dette er godkjent av Statens vegvesen. Statens vegvesen skal varslast om framtidige tiltak i området som kan ha innverknad på Den Trondhjemske postveg.»

Plan- og miljøutvalet handsama klagen i møte 18.09.2017, sak 094/17. Klagen vart ikkje teken til følgje. Saka vart etter det sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Når det gjeld saka i sin heilskap, viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl) § 17 første ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova (fvl) gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen kan sjølv treffa nytt vedtak i saka eller oppheva det kommunale vedtaket og sende saka attende for heilt eller delvis ny handsaming, jf. forvaltningslova (fvl) § 34.

Klagerett som offentleg mynde?

Det følgjer av fvl § 34 første ledd at:

«Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken, jfr. dog § 31. Klageinstansen er ikke bundet av at underinstansen har ansett vilkårene for å foreligge.»

Pbl § 1-9 tredje ledd seier:

«Berørt statlig organ, herunder Sametinget, regionalt organ og kommune kan påklage enkeltvedtak etter loven dersom vedtaket direkte berører vedkommende myndighets saksområde. Dette gjelder likevel ikke i plansaker der vedkommende myndighet er gitt anledning til å fremme innsigelse.»

Andre punktum kom inn som ei ny føresegn i 2008-lova. I forarbeida¹ står det:

«Tredje ledd andre punktum er en ny bestemmelse. Den avgrenser klageretten til berørte statlige organer, herunder Sametinget, regionale organer og kommunene i plansaker der det er gitt anledning til å fremme innsigelse, jf. § 5-4. Statsforvaltningen

¹ Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 177.

er i dag underlagt instruks om å bruke innsigelse, og ikke vente og så bruke klage i ettertid. Lovbestemmelsen innebærer at også andre organer blir underlagt samme begrensning. Berørte organer må i slike saker fremme sine innvendinger som innsigelse så tidlig som mulig og senest innen fristen for innsigelse utløper, jf. § 5 -4 femte ledd. Formålet er å øke forutsigbarheten og effektiviteten i plansystemet.

Klageretten er i behold i de tilfellene vedkommende myndighet ikke har anledning til å fremme innsigelse, f.eks. når vedkommende myndighet har partsinteresser eller når reguleringsvedtaket lider av andre mangler enn slike som kan begrunne en innsigelse (ugyldighet). Berørte myndigheter har også klagerett med grunnlag i nye opplysninger som er kommet til etter utløpet av fristen for å fremme innsigelse.»

Det går fram av dokumenta i saka at Statens vegvesen fekk varsel om reguleringsplanen som råka statleg organ, jf. pbl kapittel 5. Vi viser vidare til at Statens vegvesen gav uttale ved oppstart av planen og til at dei ifølgje klagen også sende høyringsuttale den 20.02.2017, jf. pbl §§ 5-2 og 5-4.

Det går vidare fram av saksdokumenta frå andre gangs handsaminga av reguleringsplanen at det ikkje vart gjort endringar etter offentleg ettersyn som råkar Statens vegvesen sitt myndigheitsområde. Fylkesmannen kan av dei over nemnte grunnar ikkje sjå at det ligg føre nye opplysningar i saka som gjer at Statens vegvesen som råka statleg organ skulle ha klagerett etter pbl § 1-9 tredje ledd første punktum.

Fylkesmannen finn det klårt at klagegrunnane i klagen av 18.08.2017 er slike som Statens vegvesen kunne ha kome med som råka statleg organ tidlegare i prosessen.

Klagen av 18.08.2017 vert etter dette avvist.

Klagerett som grunneigar?

I tilleggsmerknadane til klagen datert 23.08.2017 skriv Statens vegvesen:

«Som ein del av klagen vår vil han også gjelde nye viktige opplysningar, som gjeld omsynet til Den Trondhjemske postveg. Dette nasjonale kulturminnet er ikkje nemnd i planomtalen. Statens vegvesen er eigar av Den Trondhjemske postveg som ligg i planområdet. Vi kan ikkje sjå å ha motteke nabovarsel om tiltaket som planen opnar for.»

Statens vegvesen omtalar omsynet til Den Trondhjemske postveg som nye opplysningar. Fylkesmannen er ikkje samd i dette. Det er ikkje nytt at Den Trondhjemske postveg ligg i planområdet eller at Statens vegvesen er eigar av vegen. Vi viser elles til vurderinga over, om kva vi legg i nye opplysningar som kan vere avgjerande for spørsmålet om klageretten til Statens vegvesen som sektormynde.

Spørsmålet vert då om klagegrunnane som Statens vegvesen kom med i brevet av 23.08.2017, om Den Trondhjemske postveg, må realitetshandsamast fordi dei kjem frå ein grunneigar og part i saka.

På grunnlag av opplysningane frå Statens vegvesen legg Fylkesmannen til grunn at Statens vegvesen har partsinteresser i saka, som grunneigar i planområdet. Førearbeida til pbl §-9

tredje ledd andre punktum, som vi har sitert over, nemner at partsinteresser kan tilseie klagerett.

I juridisk teori² kan ein lese:

«Det kan vel være noe usikkert hva som ligger i det som sies i proposisjonen om at vedkommende myndighet kan ha «partsinteresser» og derfor ikke har hatt anledning til å fremme innsigelse. [...] Det er også mange eksempler på at myndighetsorganer, f.eks. kommuner, eier grunn eller håndhever rettigheter på vegne av allmenne interesser. Offentlige myndigheter eller foretak/selskaper vil her kunne ha en privatrettslig posisjon, bl.a. som berørt «part» i plansaker. Part blir man enten man selv foreslår planer på egen grunn, eller når eiendommen, eller rettigheter man håndhever, berøres av andres forslag. Da kan man også ha en klagerett, men ingen innsigelsesmyndighet som forvaltningsorgan. Det er altså i denne sammenheng en forskjell på å opptre som forvaltningsmyndighet innenfor et lovbestemt saksområde, og det å forvalte grunneierinteresser på vegne av det offentlige. Det siste gir en vanlig forvaltningsrettslig partsposisjon og også en klagerett, det første bare innsigelsesrett og klagerett med særskilt hjemmel i plan- og bygningsloven. I grensetilfelle kan det nok tenkes å oppstå tvil om et forvaltningsorgan har den ene eller den andre posisjonen i en konkret sak.»

Fylkesmannen finn under tvil grunn til å realitetshandsame dei klagegrunnane som Statens vegvesen har reist i brevet av 23.08.2017, som grunneigar. Vi har lagt vekt på at desse klagegrunnane, som gjeld belastninga på Den Trondhjemske postveg som kulturminne, ikkje er eit tema som fell innanfor Statens vegvesen sitt typiske sektoransvar.

At Statens vegvesen ikkje har fått nabovarsel som grunneigar av Den Trondhjemske postveg, finn Fylkesmannen ikkje er ein feil som kan ha verka bestemmende for reguleringsvedtaket sitt innhald, jf. fvl § 41. Vi viser mellom anna til at Statens vegvesen har fått varsel om reguleringsplanen likevel, som råka statleg organ, jf. pbl kapittel 5.

Fylkesmannen er samd med Statens vegvesen i at det er ein sakshandsamingsfeil at planskildringa ikkje nemner Den Trondhjemske postveg og korleis reguleringsplanen skal ta omsyn til dette kulturminnet. Fylkesmannen finn likevel at dett er ein feil som ikkje kan ha verka bestemmende for reguleringsvedtaket sitt innhald, jf. fvl § 41, då omsynet til postvegen er reparert gjennom kommunen si klagehandsaming.

Ved si handsaming av klagen har Lindås kommune uttalt at planforslaget legg opp til avkøyrse i ein ende av Den Trondhjemske postveg som i allereie i dag blir nytta som køyreveg av tre andre bustader. «Tatt dette i betraktning vurderer administrasjonen at planen slik den er vedtatt, ikkje vil forringe tilstanden på postvegen slik den blir tatt i bruk i dag.»

Vi viser vidare til at Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndigheit ikkje har kome med motsegn eller uttale knytt til at Den Trondhjemske postveg skal nyttast som tilkomstveg for dei nye bueiningane. Etter ein heilskapleg vurdering av opplysningane i saka, finn Fylkesmannen at kulturminneinteressene ikkje vert forringa som følgje av reguleringsplanen. Vi har såleis ikkje vesentlege merknader til kommunen si vurdering av arealbruken.

² Norsk Lovkommentar v/Øystein Nore Nyhus, sist revidert 12.11.2015.

Konklusjon

Etter ein gjennomgang av saksdokumenta finn Fylkesmannen at reguleringsplanen er handsama i samsvar med dei krav som plan- og bygningslova set til utarbeiding og vedtaking av reguleringsplanar. Vi har heller ikkje merknader til det planfaglege skjønnet som kommunen har utøvd i saka, jf. fvl § 34 andre ledd.

Klagen datert 23.08.2017 er ikkje tatt til følgje.

Klage datert 18.08.2017 er avvist.

Avvisingsvedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. fvl. § 28. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtak er komme fram til parten, jf. § 29. Ein eventuell klage skal rettast til Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen vil til slutt nemne at Statens vegvesen har moglegheit til å fremje ny reguleringsplan/ending av reguleringsplan, jf. pbl § 3-2, jf. 12-14.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Hilde Rasmussen Nilssen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

ABO Plan & Arkitektur	Hamnevegen 53	5203	OS
Lindås Tomteselskap AS	Hagellia 4	5914	ISDALSTØ
Staten Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER